
Saksnr: 2020/37508-16
Saksbehandlar: Bjørn Snorre Waage

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		20.04.2021
Fylkestinget		16.06.2021

Regional plan for Hardangervidda - Vedtak av handlingsprogram for 2021-2024

Forslag til vedtak

1. Fylkestinget i Vestland vedtek med heimel i plan- og bygningslova §8-1 *Regional plan for Hardangervidda. Handlingsprogram for 2021-2024.*
2. Fylkestinget i Vestland oppfordrar Hardangerviddarådet til å prioritere tiltakspunkt 10 om CWD/skrantesjuka særleg høgt.
3. Fylkestinget i Vestland sluttar seg til å vidareføre samarbeidsavtalen med Viken fylkeskommune og Vestfold og Telemark fylkeskommune for oppfølging av regional plan, for åra 2021-2024.
4. Det vert forutsett likelydande vedtak i pkt. 1- 3 i Viken fylkesting, og i Vestfold og Telemark fylkesting.

Samandrag

Fylkesrådmannen anbefaler fylkestinget å vedta vedlagte handlingsprogram for perioden 2021-2024. Vedtaket skjer med heimel i plan- og bygningslova §8-1. Då det er tre fylkeskommunar involvert, er det ein føresetnad at ein får likelydande vedtak.

Det var eit samstemt Hardangerviddaråd som anbefalte dette reviderte handlingsprogrammet. Fylkesrådmannen meiner det er viktig å få dette vedtatt med like vedtak i dei tre fylka slik at vidare oppfølging kan bli igangsett og prioritert.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Paal Fosdal
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Handlingsprogram for 2021-2024
- 2 Hardangerviddarådet - Referat
- 3 Samarbeidsavtale - interregional
- 4 Regional plan for Hardangervidda 2019-2035

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Regional plan for Hardangervidda 2019-2035

Bakgrunnen for det regionale plansamarbeidet var eit initiativ frå Miljøverndepartementet i 2007 der dei oppfordra fylkeskommunane til å utarbeide regionale planar for dei viktigaste villreinområda i landet. Hensikten var å ta vare på villreinen sine viktigaste leveområde, samstundes som det skulle vere moglegheiter for bruk av fjellet. I brev datert 12. april 2007 beskriv departementet oppdraget mellom anna med at planane skulle «*fastsette langsiktig arealforvaltning som balanserer bruk og vern for de aktuelle fjellområdene med influensområder*».

Hardangervidda er eit av desse nasjonalt viktige villreinområda. Det regionale planarbeidet for Hardangervidda starta opp i 2007, og vart leia av ei styringsgruppe med politikare frå alle aktuelle kommunar og fylkeskommunar, samt leiinga hjå fylkesmennene og i villreinnemda. Regional plan for Hardangervidda 2011-2025 vart vedteken i dei tre fylkestinga i 2011. Som eit av fleire oppfølgingspunkt, vart Hardangerviddarådet, med dei same partane, etablert.

Hardangerviddaplanen ble i åra 2017-2019 rullert. Hardangerviddarådet var styringsgruppe for rulleringa. Fylkestinget i Telemark, i Vestland og i Viken vedtok i 2019 og 2020, i samsvar med Hardangerviddarådet si anbefaling, Regional plan for Hardangervidda 2019-2035. Planen (planrapport og plankart) kan førebels lastast opp på [denne heimesida](#).

To kommunar og tre fylkesmenn har etter fylkestinget sitt vedtak fremja vesentlege innvendingar til to enkeltspørsmål i den rullerte regionale planen. Dette er til avgjersle i Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Denne politiske saka om handlingsprogrammet vert ikkje påverka av innvendingane eller avgjerd i departementet.

Juridisk grunnlag

Plan- og bygningslova gir rammar for regionale planar og handsaming av handlingsprogram. Som det kjem fram av §8-1 skal handlingsprogrammet vedtakast av regional planmynde. Behovet for rullering skal vurderast årleg.

Handlingsprogram 2021-2024

Den regionale planen (2019-2035) har i kapittel 7 eit handlingsprogram. Vedlagte handlingsprogram for åra 2021-2024 er ein utdjuping og supplering av dette.

Handlingsprogrammet vidarefører mykje frå tidlegare handlingsprogram knytt til første generasjon regional plan, men har og nokre nye tiltak. Mellom anna la Hardangerviddarådet inn eit nytt punkt om handtering av CWD/skrantesjuka.

Handlingsprogrammet for 2021-2024 omfattar følgjande:

- Hardangerviddarådet
- Regional og kommunal oppfølging
 1. Rullere regional plan
 2. Kommunal planlegging og oppfølging
- Prosjekt/tiltak
 1. GPS-merkeprosjektet for Hardangervidda og Nordfjella
 2. Ferdselskartlegging
 3. Villrein og ferdsel
 4. Fokusområde
 5. Felles sti- og løypeplan for Hardangervidda
 6. Vassdrag og vilkårsrevisjonar
 7. Klimaendringane sin effekt på villreinen sine leveområde
 8. Besøksstrategi for verneområde
 9. Villreinfjellet som verdiskapar - «mennesket og reinen»
 10. CWD/skrantesjuka

Det vert vist til vedlagte handlingsprogram for meir informasjon. Tiltaka vert gjennomført dels i regi av partane i Hardangerviddarådet, dels i samarbeid med andre og dels i regi av andre. Felles for alle tiltaka er at dei er overbyggande, og viktige for å følgje opp den regionale planen sine mål og intensjonar. Det reviderte handlingsprogrammet er utarbeidd gjennom dialog med partane knytt til Hardangerviddarådet. Rådet drøfta handlingsprogrammet i sitt møte 9. februar 2021 og anbefalte at vedlagte handlingsprogram burde vedtakast. (Sjå vedlagt referat). I handlingsprogrammet pkt. 4.2 Ferdselskartlegging, pkt 4.3 Villrein og ferdsel, og pkt. 8 Besøksstrategi for verneområder står

det «fullføres i 2020». Disse prosjekta vart ikkje endeleg ferdige i 2020, og er derfor med i handlingsprogrammet.

Nærare om CWD/skrantesjuka

Situasjonen med skrantesjuka i Nordfjella er svært alvorleg. Situasjonen vart ytterlegare dramatisk då sjukdommen førre haust og vart identifisert på Hardangervidda. Statlege mynde vurderer no med bakgrunn i vitenskapskomiteen si rapport (framlagt i januar i år) kva tiltak som bør settast i verk for å nedkjempe sjukdommen. Sjølv om dette vil vere statlege avgjersler, vart viktigeita av lokal og regional medverknad understreka i Hardangerviddarådet sitt møte 9. februar i år.

Om Hardangerviddarådet sitt sekretariat

Hardangerviddarådet har behov for eit sekretariat for å koordinere og sikre oppfølging av regional plan. Det er naturleg at ein av fylkeskommunane tek på seg dette ansvaret. Det er anslått eit behov på om lag 20% årleg stilling til den oppfølginga, og kostnadene for sekretariatet er estimert til om lag 200.000 kr. per år. Vertsfylket yter dette som eigeninnsats. Det er inngått ein samarbeidsavtale mellom Vestland, Vestfold-Telemark og Viken fylkeskommune for 2020 om dette, med intensjon om vidareføring for 2021-2024. (Sjå vedlegg). Vidareføring frå 2021 forutset politisk aksept.

Avtalen inneber at Viken fylkeskommune tek på seg sekretariatsansvaret som eigeninnsats (om lag 200.000). Vestland fylkeskommune og Vestfold og Telemark fylkeskommune yt eit årleg tilskot på 150.000 kr. kvar, som vert øyremerka oppfølging av handlingsprogrammet. Det vert forventa eigeninnsats tilsvarende anslagsvis 50.000 kr. per år frå kvar av dei to fylkeskommunane for å delta i sekretariatsoppgåver, og for å forankre planarbeidet i eigen organisasjon. Det vert forutsett eigeninnsats frå medlemmane i både Hardangerviddarådet og i den administrative gruppa i form av eigen tid og eigne reisekostnader, eventuelt og opphaldskostnader ved større møter.

Om Hardangerviddarådet sine oppgåver

I handlingsprogrammet kap. 2 er Hardangerviddarådet sine oppgåver omtala slik:

- Rullere handlingsprogrammet minst kvart fjerde år. Disponering av Hardangerviddaplanen sine handlingsprogrammidlar er del av dette. Hardangerviddarådet si anbefaling vert vidaresendt for slutthandsaming i fylkeskommunane.
- Handsame årleg statusrapport for handlingsplanen. Som ledd i dette
 - vurdere behov for rulling av handlingsprogrammet.
 - ta stilling til eventuell omdisponeringar av Hardangerviddaplanen sine handlingsprogrammidlar.
- Vere referansegruppe og dialogarena for prosjekt under handlingsprogrammet.
- Vere styringsgruppe for rulling av regional plan når dette er aktuelt. Rulling vert bestilt gjennom dei tre fylkeskommunane sine planstrategiar.
- Vere arena for
 - erfaringsutveksling, mellom anna om kommunane si oppfølging av regional plan og om kommunale forvaltningsoppgåver med sikte på mest mogleg lik praksis.
 - bygge opp felles kunnskap om mellom anna villrein, CWD, fjellbasert næringsutvikling og friluftsliv.
- Ha dialog med lokale og eksterne aktørar der dette er naturleg
- Samarbeide med Nordfjellarådet når dette er naturleg.
- Medlemmane i rådet er forventa å rapportere til sine respektive organ om det pågåande arbeidet med oppfølging av den regionale planen.

Desse presiseringar gjer Hardangerviddarådet tydelege ramar for sitt arbeid.

Vurdering

Handlingsprogrammet

Fylkesrådmannen meiner alle tiltaka er viktige og anbefaler med bakgrunn i dette fylkestinget å vedta vedlagte handlingsprogram for perioden 2021-2024. Vedtaket skjer med heimel plan- og bygningslova §8-1. Fordi det er tre fylkeskommunar involvert, må det settast ein føresetnad om like vedtak.

Nærare om CWD/skrantesjuka

Det er viktig at fylkeskommunane innafor sine ansvarsområde bidreg til å handtere og nedkjempe sjukdommen på best mogleg vis. Følgjande «verktøy» står då sentralt:

- Ansvar for, gjennom arbeidet med regionale planar, å sikre ein arealbruk som ikkje ytterlegare fragmenterer og innskrenkar dei allereie sårbare villreinområda. Forvaltning av villrein som art har derimot statlege organ det overordna ansvaret for.
- Aktiv deltaking i Hardangerviddarådet der alle kommunane, statsforvaltarane, villreinnemnda og fylkeskommunane rundt Hardangervidda, er medlemmer. Fylkeskommunane har to medlemmer kvar, pluss at politisk leiing har møte- og talerett i rådsmøta.

Med bakgrunn i dette anbefalar fylkesrådmannen at fylkestinget oppfordrar Hardangerviddarådet til å prioritere arbeidet med CWD særleg høgt. Hardangerviddarådet må sjølv drøfte korleis rådet best kan bidra. Dialog med Nordfjellarådet kan her vere viktig.

Avtale om Hardangerviddarådet sitt sekretariat

Fylkesrådmannen meiner avtalen mellom dei tre fylkeskommunane er ein god løysing som sikrar gode rammer for alle parter, og anbefalar at fylkestinget sluttar seg til avtalen for perioden 2021-2024. Avtalen sikrar eit årleg påfyll av midlar til å følgje opp handlingsprogrammet. Dette er viktig for å kunne gjennomføre handlingsprogrammet. Det er ikkje forutsett ytterlegare økonomiske bidrag frå fylkeskommunane til oppfølging av handlingsprogrammet.

Vedtakskompetanse

Saka vert slutthandsama i Fylkestinget, i tråd med plan- og bygningslova §8-1.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Vedtaket inneber at Vestland fylkeskommune yter eit tilskot på 150.000 pr. år som vert øyremerka oppfølging av handlingsprogrammet. I tillegg kjem eigeninnsats som vert stipulert til 50.000 pr. år.

Klima: Handlingsprogrammet vil ikkje ha nokon effekt på klima. I handlingsprogrammet ligg det eit prosjekt (Klimaendringane sin effekt på villreinen sine leveområde) som vil gje auka kunnskap om framtidig klima, og konsekvensar av klimaendringar i fjellområda. Dette vil kunne gje ei betre og meir berekraftig forvaltning av sårbare økosystem.

Folkehelse: Prosjekt om sti- og løypeplanar er meint å minimere konfliktpotensialet mellom villrein og menneskeleg ferdsløse i villreinområda, samt betre leggje til rette for friluftaktivitet. Dette er positivt for folkehelsa.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024: Saka byggjer opp under den tidlegare vedtekne regionale planen der berekraftig og langsiktig areal- og ressursforvaltning står sentralt. Oppfølging i tråd med utviklingsplan.

Konklusjon

Fylkesrådmannen anbefalar fylkestinget å vedta vedlagte handlingsprogram for perioden 2021-2024. Vedtaket skjer med heimel i plan- og bygningslovens §8-1. Då det er tre fylkeskommunar involvert, er det ein føresetnad at ein får likelydande vedtak.

Det var eit samstemt Hardangerviddaråd som anbefalte dette reviderte handlingsprogrammet. Fylkesrådmannen meiner det er viktig å få dette vedtatt med like vedtak i dei tre fylka slik at vidare oppfølging kan bli igangsett og prioritert.